
Fra: Frode Lauareid

Sendt: 22. januar 2019 15:00

Til: Christen Horn Johannessen

Emne: SV: Permisjon med lønn - en politisk sak

Beklagar at det har tatt tid å melda tilbake på eposten din. Eg har vore opptatt med andre ting, slik at det har vore vanskeleg å finna tidspunkt for avklaringar med kommunen.

Kommunen har heile tida vore opptatt av å få begge to tilbake i arbeid. Det er derfor ein har forsøkt med organisasjonspsykolog i fleire rundar og også undersøkt om det er mogleg å få arbeid i nabokommunane. Dersom ein er borte frå arbeidsplassen, er det ikkje mogleg å arbeida med dei mellommenneskelege relasjonane som ein må få på plass og på den måten få etablert seg i arbeidsmiljøet.. Dette er grunnen til at kommunen ikkje ser på permisjon som nokon god ide. Dette har ingenting med at kommunen vil venta dei ut. Det er framleis slik at det beste er å vera på jobb.

At det kan vera krevande å komma inn igjen i eit arbeidsmiljø etter en slik sak, er ikkje vanskeleg å forstå.. Kommunen har derfor på nytt engasjert ekstern bistand for å hjelpa til, og då på Personalavdelingen kor partane tidlegare er einig om hovudfokus er, for å bidra til at dette skal gå så godt som mogleg. Så langt er det ikkje meldt frå til kommunen om konkrete hendingar som det har vore naturleg å adressera. For Askildsen står tidlegare tilbod om ekstern hjelp ved lag, men arbeidsgivar har blitt informert ho allerie har ein psykolog ho går til.

At verken Askildsen eller Fidje skal ha ein meningsfull arbeidsdag, er også vanskeleg å forstå. Askildsen er på god vei til å komma inn i arbeidsoppgåvene sine på nytt og vert involvert i alle framtidsoppgåver ho er ansvarleg for. Når det gjeld Fidje, så opplever imidlertid Frantzen at Fidje vegrar seg mot å diskutere arbeidsoppgåvene Personalavdelingen har ansvar for, og korleis ressursane skal brukast mest mogleg fornuftig. Ho brukar framleis mykje av energien på sine opplevingar frå fortida, i staden for å fokusera på framtida og kva som er mogleg å få til.

Fidje må også vera innstilt på å bli utfordra, som alle andre som har ein leiarfunksjon, på korleis ho skal utøva si rolle som fagleiar. Fidje har leia to og deltatt i tre møter i gruppa som har ansvaret for personalområdet, og arbeidsgjevar har ikkje fått tilbakemeldingar på at ho har møtt på andre utfordringar enn det som alle andre leiarar møter i møte med tilsette.

Kommunen opplever at begge møter eit godt arbeidsmiljø og som er innstilt på å ta Askildsen og Fidje godt imot, men opplever at det ikkje verkar konstruktivt og tillitsvekkande at dei har parallellprosessargåande mot politisk nivå. Andre tilsette er også usikre på korleis dei skal forhalda seg til Askildsen og Fidje, sett til tidlegare erfaringar om at det som er tenkt drøfta i eit lukka møte blir i eit lukka møta i staden for å bli referert til i seinare dokument. Det blir stilt spørsmål om Fidje og Askildsen verkeleg er motiverte for å komma tilbake.

Det hadde vore fint om Askildsen og Fidje nå brukte energien sin på å få samspelet med dei andre på avdelingen til å fungera, i staden for å bruke energi på alternative løysingar. Askildsen og Fidje kunne ikkje innretta seg etter krava frå psykolog Børresen. Tilbodet om hospitering, som ville ført til jobb, i Songdalen og Kristiansand vart avslått. Det same har tilbod om anna arbeid i kommunen. Heller ikkje nå gir Askildsen og Fidje inntrykk av at dei ønskjer seg tilbake i arbeid.

Over sommaren startar også innfasinga i Nye Kristiansand. Å stå utanfor desse prosessane som vil gå fram til innfasing vil være uheldig for Askildsen og Fidje. Kommunen trur det er viktig at ein nå jobbar seg gjennom det som opplevest som vanskeleg og at dei involverte gir kvarandre rom til å vise at ein vil kvarandre vel. Dette vil naturleg nok ta noko tid og det har pr. dags dato berre gått nokre få dagar sidan Fidje og Askildsen var tilbake på jobb.

Kommunen held derfor fast ved at det beste er om dei prøver å komma inn i stillingane sine og arbeidsmiljøet sitt. Dersom dei likevel ønskjer å søka permisjon, så ber kommunen om at det kjem ein konkret sønad som kommunen kan ta stilling til.

Vedlagt er vår oppsummering av møta me hadde 19. desember 2018 i Søgne. Dette først og fremst til orientering, men ønskjer du å komma med merknader må du gjerne gjera det.

Frode

Fra: Christen Horn Johannessen [Christen.Horn.Johannessen@parat.com]

Sendt: 15. januar 2019 09:35

Til: Frode Lauareid

Kopi: Christen Horn Johannessen

Emne: Ad: Permisjon med lønn - en politisk sak

Situasjonen på jobb får jeg beskrevet omtrent slik: Vi er på jobb, men settes ikke inn i oppgaver på en måte som gjør at vi får en meningsfullt arbeidshverdag. Fidje får ikke tilbake sine oppgaver.

Det er på tide nå at kommunen enten innvilger eller tilbyr permisjon med full lønn, eller umiddelbart setter de to fullt og helt tilbake i arbeid. Mitt inntrykk nå er at kommunen "venter dem ut". Slik kan det ikke være, og det innebærer en betydelig merbelastning på dem slik situasjonen nå er.

Fint om du kan besvare både denne og forrige e-post.

Vennlig hilsen
Christen Horn Johannessen
Advokat MNA

Parat - en arbeidstakerorganisasjon i YS
Lakkegata 23, P.B 9029 Grønland, N-0133 Oslo
Tel: + 47 21013600, Faks: + 47 21013800
Mobil: + 47 90926064
christen.horn.johannessen@parat.com
www.parat.com

Fra: Christen Horn Johannessen/Parat
Til: "Frode Lauareid" <Frode.Lauareid@ks.no>
Cc: Christen Horn Johannessen/Parat@Felles
Dato: 11.01.2019 13:59
Emne: Permisjon med lønn - en politisk sak

Frode,

mine to klienter ønsker svar på hvorfor denne fremgangsmåten ikke ble tilbudt eller undersøkt før vårt møte 19. desember. De to har jo fremmet dette ønsket fra oktober 2018, og som et utgangspunkt ligger vel denne muligheten der også uten politikernes involvering, jf. kunne vært løst administrativt?

Vennlig hilsen
Christen Horn Johannessen

Advokat MNA

Parat - en arbeidstakerorganisasjon i YS
Lakkegata 23, P.B 9029 Grønland, N-0133 Oslo
Tel: + 47 21013600, Faks: + 47 21013800
Mobil: + 47 90926064
christen.horn.johannessen@parat.com
www.parat.com

Denne e-posten er skannet for virus og spam, og funnet fri for virus og spam. E-posten kan inneholde fortrolig og konfidensiell informasjon som ikke skal offentliggjøres. Hvis du ikke er riktig mottaker av e-posten, eller ikke har fått fullmakt av opprinnelig mottaker, kan du ikke bruke, kopiere eller videresende e-posten og evt. vedlegg. Hvis du har mottatt e-posten ved en feiltakelse, ber vi deg informere avsender og slette den fra din e-post konto. E-post er et usikkert kommunikasjonsmiddel. Dersom du skal sende oss sensitiv informasjon oppfordrer vi deg til å bruke ordinær post.

Denne e-posten er skannet for virus og spam, og funnet fri for virus og spam. E-posten kan inneholde fortrolig og konfidensiell informasjon som ikke skal offentliggjøres. Hvis du ikke er riktig mottaker av e-posten, eller ikke har fått fullmakt av opprinnelig mottaker, kan du ikke bruke, kopiere eller videresende e-posten og evt. vedlegg. Hvis du har mottatt e-posten ved en feiltakelse, ber vi deg informere avsender og slette den fra din e-post konto. E-post er et usikkert kommunikasjonsmiddel. Dersom du skal sende oss sensitiv informasjon oppfordrer vi deg til å bruke ordinær post.